

KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORNMIDLAR I 2016

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Prosjektnamn ISBAR – et verktøy for strukturert kommunikasjon mellom helsepersonell i direkte pasientretta arbeid	Prosjektnummer HV1202
--	--

Prosjekteigar (helseføretak, avdeling og eining som er ansvarleg for prosjektet)
Helse-Bergen, Mottaksklinikken, klinikkdirektør Anne Taule
Mottaksklinikken FoU ved Heidi S. Brevik

Prosjektleder (kontaktperson)
Heidi S. Brevik, einingsleder ved Mottaksklinikken FoU

Kort om bakgrunnen for prosjektet. Kva er det ein ønskjer å forbetre?

ISBAR: I=identifikasjon (av deg sjølv og pasient) S=situasjon (kva er problemet/årsaka til kontakt), B=bakgrunn (kortfatta og relevant sjukehistorie), A=aktuell tilstand (status og vurdering) R= råd (råd om tiltak)

Pasientbehandling er omfattande med mange helsepersonell involvert – dette aukar kravet til trygg, sikker og korrekt informasjon mellom dei ulike team medlemmane rundt pasienten; spesielt mellom legar og sjukepleiarar.

Mangelfull kommunikasjon mellom hjelpearbeidarar er ein viktig faktor til fleire uheldige hendingar i heletenesta.

Målet med prosjektet er å betre kommunikasjon og samhandling mellom helsepersonell, og sikre at pasientinformasjon overleverast på ei strukturert, systematisk og forståelig måte.

Korleis skal forbetringa gjennomførast?

Ein vil bruke forbedringsmodellen PDSA-sirkelen ved gjennomføring av prosjektet. Ein vil gjennomføre både fokusintervju og brukarundersøkingar blant legar og sjukepleiarar for å sjå om innføringa av ISBAR gjer at kommunikasjonen blir meir strukturert og korrekt.

I prosjektet vil ein og spørje pasientar (brukarar), brukar representantar og/eller pårørande kva dei meiner er viktig i kommunikasjon mellom helsepersonell nokon blir innlagt på sjukehus.

Brucarundersøkingar utføres undervegs i prosjektet.

Utarbeide mal for kommunikasjon – tilpassing av ISBAR

Teste ISBAR ut som munnlig rapport mellom sjukepleiarar/legar og sjå om den som mottar rapporten opplever å få eit godt bilete av pasientens situasjon (case/rollespill). Deretter gjøre eventuelle justeringar før innføring.

Utarbeide opplæringsmateriell og anna skriftleg materiell (plakatar, kommunikasjonskort etc)

Kva skal målast for å følgje om tiltaka ein set i verk blir følgde og har effekt (prosess og resultatmål)

Etter innføringa vil ein undersøka om helsepersonell kjenner seg tryggare med ein felles kommunikasjonsmetode, om ein opplever å få gitt relevant informasjon, om mottakar av informasjon meiner dei får meir relevant informasjon enn før ISBAR, samt om relevante tiltak for pasienten vert iverksetting raskare.

Prosjektet vil søke å finne indikatorar som kan seie noko om tid frå ein sjukepleiar melder frå til lege om pasientens situasjon, til situasjonen er handtert; enten ved råd, tilsyn eller andre

behandlingstiltak og om helsepersonell føler seg tryggare med ISBAR som kommunikasjonsverktøy

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

At personell i direkte pasientretta arbeid alle einingar i Mottaksklinikken (Akuttmottak, Korttidsposten, Utgreiingsmottaket(ene) og Akuttposten) brukar ISBAR som kommunikasjonsverktøy om pasientar som er innlagt i Mottaksklinikken

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Kunnskapen frå dette prosjektet kan overførast til samarbeid med andre einingar både internt i sjukehuset, mellom sjukehusa og opp mot primærhelsetenesta (fastlegar, legevaktar og kommunale augeblikkelig hjelp - senger)

Oppstarttidspunkt August/september 2016

Sluttidspunkt September 2017